

Høyanger kommune innfører koronasmitte restriksjoner frå 11. mars

For å førebyggje og avgrense smitte, beskytte sårbare grupper og oppretthalde naudsynt kapasitet i helsetenestene, innfører Høyanger kommune med heimel i Smittevernlova § 4-1 inntil vidare følgjande smitte restriksjonar i Høyanger kommune:

Karantene

Alle som er i karantene skal forhalde seg til Folkehelseinstituttet sine karantenerreglar (Fhi.no.). Alle skal tilretteleggje for å kunne vere i karantene i eigen bustad. Overnattingsstadar skal tilretteleggje for å kunne ivareta gjestar i karantene. Arbeidsgjevarar har ansvar for å ivareta eigne tilsette på arbeidsreise som vert sett i karantene i Høyanger kommune.

Besøk til sårbare grupper

Besøk til personar på sjukeheim, omsorgsbustadar og bustadar med sårbare grupper skal avgrensast til næraste pårørande eller etter avtale. Besøkande skal følgje eininga/bustaden sine besøks- og hygienereglar.

Mathygiene

Matservering og behandling av mat på stader med allmenn tilgang skal forhalde seg til Mattilsynet sine gjeldande reglar og avgrense tilgang på felles serveringsbestikk, maskiner og behaldarar for tilbehør. Der dette ikkje er mogleg, skal serveringsbestikk, maskiner og behaldarar for tilbehør skiftast ofte eller reingjerast grundig og ofte.

I tillegg til vedtaka etter Smittevernlova, skal alle som oppheld seg i Høyanger kommune, etterleve følgjande tilleggsrestriksjonar:

Personleg hygiene

Alle som oppheld seg i Høyanger kommune skal ivareta god og forsvarleg hand-, hoste- og nysehygiene. Handhelsing, klemming og anna nærkontakt skal avgrensast. Alle føresette og vaksne med ansvar for andre bør jamleg rettleie om personlege hygienetiltak.

Kollektivreiser

Alle som nyttar kollektivtransport, skal vere særleg merksame på å følgje dei personlege hygienerestriksjonane, og ta særleg omsyn til sine medreisande.

Meir informasjon

Brot av Smittevernlova kan straffast med bot eller fengsel, jfr. §8-1. Friske personar kan rette spørsmål om korona i Høyanger kommune til informasjonstelefonen for korona på telefon **99 21 93 45 på kvardagar mellom kl. 10:00-13:00** eller på nasjonal informasjonstelefon: 815 55 015.

Personar som mistenkjer smitte eller er sjuke skal ta kontakt med legekantoret på tlf. 577 13 900 på kvardagar, utanom opningstid 116 117. Sjå elles Folkehelseinstituttet si heimeside: FHI.no.

Folkesamlingar

For å unngå trengsel i folkesamlingar, inne og ute, skal utestadar, serveringsstadar, forsamlingslokale og arenaer utan plasstildeling, leggje til rette for at alle personar som er tilstades kan halde 1 meter avstand til andre i heile lokalet eller på heile arenaområdet. Arrangørar og deltakarar skal etterleve gjeldande arrangementsreglar.

Høyanger kommune vil f.o.m. 11. mars t.o.m. 26. mars halde følgjande kommunale bygg stengt:

- Høyangerbadet
- Høyangerhallen
- Høyanger Kino
- Lavik Symjehall
- Ungdomsklubbar i kommunen

Alle arrangement i Høyanger kommune med >30 personar skal rådførast med kommuneoverlege før gjennomføring.

Tiltaka vert fortløpande vurdert og ein gjer merksam på at det kan kome raske endringar.

Reiser

Reiser til og besøk frå område med vedvarende og lokale smitteutfordringar skal avgrensast til det strengt nødvendige. Sjå oppdatert oversikt på fhi.no

Vis solidaritet!

Det oppmodast om å utvise solidaritet i ein særleg utfordrande tid for sårbare grupper i lokalsamfunnet vårt og deira pårørande.